

ARBEIDSPPLAN FOR TROMS NEI TIL EU for 2019 – 2020

Troms Nei til EU vil og i 2019-2020 arbeida for å erstatta EØS-avtalen med ein eller annan form for tosidig avtalemellom Noreg og EU – gjerne då ei modernisert utgåve av eksisterande og ikkje oppsagde Handelsavtale frå 1973.

Punktvis det Troms Nei til EU vil konsentrera seg om i 2019– 2020:

- Ha datofesta styremøter i Troms Nei til EU, slik me har det no.
- Driva opplysningsarbeid i Troms om den udemokratiske EØS-avtalen.
 - * Få fram korleis EU gjennom EØS legg premissane for både kommunal og nasjonal politikk i Noreg.
 - * Arbeida for å aktivisera Nei til EU tilhengjarar i Troms ved å kalla inn til dags-samlingar i Tromsø der me tar opp eit tema .
- Arbeida for å auka medlemstalet i Troms Nei til EU, både ved nyverving og gjenverving.
- Freista å vitalisera eksisterande lokallag av Troms Nei til EU.
- Freista, saman med Tromsø Nei til EU, å revitalisera studentar mot EU.
- Arrangera møter på sentrale stader i heile fylket med ein innleiar frå Nei til EU sentralt
- Bruka både papirpressa og sosiale media for å påvirka folkeopinionen om budskapet til Nei til EU.
- Overordna, heile tida å arbeida for sjølvråderett og respekt for den norske Grunnlova.

Etablera kontakt med ulike fagforbund og invitera oss til møter for å informera om EØS-avtalen og poengtera at Noreg ikkje treng EØS-avtalen for å få selt varene våre i EU. Påpeika at det eksisterer ein tosidig Handelsavtale med EU som ikkje er sagt opp. I samband med denne avtalen har Noreg hundre prosent handlingsfridom og Stortinget, den norske lovgivande forsamlinga, lagar lovane som skal gjelda for og i kongeriket Noreg. Dei skal ikkje koma frå Brussel.

Styret for Troms Nei til EU
v/ Olav Flaate

Sørreisa 27.10. 2019